



Når utsjånaden tel

Don't judge a book by its cover, seier eit engelsk ordspråk. Men, korleis boka ser ut, betyr alt for korleis ho blir motteken.

TEKST: ANNE EIDSFELDT FOTO: ANNE TOVE ØRKE

Korleis vi har oppfatta ein tekst i ei bok, heng ofte nøye saman med boka sin materialitet, altså korleis boka ser ut. Det er interessant å sjå korleis utsjånaden til ei bok endrar seg over tid samtidig som mottakinga av teksten endrar seg. For Nasjonalbiblioteket, som forskingsbibliotek og ivaretakar av nasjonen sitt minne, er det nødvendig å kunne dokumentere alle sider ved norsk bokproduksjon i fortid og notid, òg boka sin materialitet.

Materialitet og resepsjon i bokhistoria

Bevaring og konservering av eldre bøker er viktig. Målet må vere å gjere så få inngrep som mogleg i den opphavlege forma til boka. Det er vesentleg å kunne dokumentere korleis bøker såg ut da dei vart produserte og presenterte for publikum. Ut frå eit bokhistorisk perspektiv er det viktig å kunne dokumentere ulike utgåver og variantar av ei bok. Det er ikkje alltid tilstrekkeleg å vise til berre eitt eksemplar, ei eller to utgåver av ein og same tekst. For folkebiblioteka, dels òg for universitetsbiblioteka, har det å ta vare på den opphavlege forma til bøkene ikkje alltid stått sentralt og heller ikkje vore primæroppgåva deira. Det vesentlege for desse biblioteka har vore å kunne dokumentere sjølve teksten. Å ta vare på opphavlege bokbind og bokomslag har vore mindre sentrale faktorar i biblioteket si verksemd. For Nasjonalbiblioteket stiller det seg annleis.


Med boka sin materialitet meiner vi boka sitt fysiske uttrykk, slik som format, papirkvalitet, illustrasjonar, typar, i tillegg til bokbind og bokomslag. Òg meir tekstlege faktorar slik som omtale av boka på bokomslaga, på vaskesetelen og i innleiingar seier noko om korleis teksten blir



forstått. Mottakinga av ein tekst kan variere, særleg over tid. Parallelt med skifte av oppfatninga av ein tekst, endrar ofte òg utsjånaden til boka seg. Måten ei bok er utstyrt på, vitnar om korleis ei tid forstår teksten. Materialiteten kan òg seie noko om sosial tilknytning. Dette kjem særleg til uttrykk gjennom bokbinda til bøkene, før forlagsbinda si tid, den gongen folk sjølv måtte sørgje for innbinding av boka dei hadde kjøpt.

Det blir derfor viktig i størst mogleg grad å ta vare på boka sitt opphavlege uttrykk gjennom bevaring og konservering. For å illustrere det som

ANNE EIDSFELDT
Seniorrådgiver,
Nasjonalbiblioteket



Nordlands Trompet kom i trykken første gang i 1739.

er nemnt her, vil eg vise døme frå utgivingshistorikken av Petter Dass' *Nordlands Trompet*. Korleis vart diktverket oppfatta da det kom ut i trykt form for første gong i 1739, og korleis såg desse utgåvene ut? Dei står i sterkt kontrast til nokre av dei siste utgåvene frå vår tid, særleg praktutgåvene frå Stenersens forlag med Karl Erik Harr sine illustrasjonar. Kva har skjedd på vegen?

***Nordlands Trompet* som topografisk informasjonskjelde**

Nordlands Trompet kom i trykken første gong i 1739, over 30 år etter at Dass var død. Diktverket vart på denne tida oppfatta som gamalmodig og uaktuelt, hevdar Hanne Lauvstad i doktoravhandlingen si om diktverket frå 1997, *Helicons Bierge og Helgelands schiær. Nordlands Trompets tekst, repertoar og retorikk*. Derimot var det eit nyttig skriv i tidsånda i den forstand at det gav faktakunnskapar om Nordland. Resepsjonen var i samsvar med opplysningstida. *Nordlands Trompet* vart først og fremst oppfatta som ei topografisk informasjonskjelde om landsdelen. Det var informasjonen det vart lagt vekt på, ikkje det poetiske.

Denne måten å forstå diktverket på heldt seg opp gjennom 1700-talet, og fram til kring midt på 1800-talet. Det er mykje som tyder på at denne

mottakinga av teksten blir spegla av i utforminga av bøkene. Dette kan vi sjå i kva format utgåvene hadde, papirkvalitet og tittelvariasjonar. Boka var nok først og fremst mynta på eit lite kjøpekraftig publikum, og måtte vere så rimeleg som mogleg. Nesten alle utgåvene på denne tida kom ut i Bergen. Vi skal ikkje sjå bort frå at *Nordlands Trompet* vart populær lesing mellom dei nordnorske fiskarane som reiste til Bergen for å selje fisken sin (og som også er skildra av Dass i *Nordlands Trompet*). Alle utgåvene frå denne tida er oktavar. Ved å velje eit lite format brukte ein mindre papir. Papir var den dyraste kostnaden i bokproduksjonen, og bruk av minst mogleg papir heldt prisen nede. Papiret som er brukt i desse utgåvene er heller ikkje av beste kvalitet. Som informasjonskjelder måtte desse utgåvene òg ha eit praktisk format, eit lite format. Vandrande, vegfarande, sjømenn og andre som ikkje kunne føre mange bøker med seg, ville helst ha dei små formata. Boka skulle fylle eit praktisk behov og vere lett tilgjengeleg i kvar ein situasjon.

Titlane på desse utgåvene seier òg noko om forståinga av verket. Ei av førsteutgåvene frå 1739 (frå Petter Povelsen Nørvig sitt trykkjeri i Bergen) har ein lang og skildrande tittel. Tittelen speglar av kva oppfatning opplysningstida hadde av verket, det er eit verk som gir topografiske faktaopplysningar om

«Nordlandene». Verket blir omtalt som ei skildring, og ord som dikt eller poesi er ikkje nemnde. Tittelen gir lesaren og ein potensiell kjøpar signal om kva slags bok dette er, det er først og fremst ei informasjonskjelde.

Det nasjonale gjennombrøtet

Det har vorte hevda frå fleire hald at ein artikkel skriven av J.S. Welhaven om Petter Dass i *Nordisk Universitets-Tidsskrift* i 1856 førte til at *Nordlands Trompet* endeleg vart verdsett som poesi. Welhaven såg det poetiske, ikkje dei topografiske faktaopplysningane, som overordna verdi i *Nordlands Trompet*. Han var òg den første, og dei fleste har òg oppfatta det slik seinare, som meinte at *Nordlands Trompet* var Dass sitt hovudverk. Ifølgje Lauvstad er resepsjonen av Dass i perioden etter artikkelen til Welhaven i 1856 ein skjønnlitterær resepsjon, og dette har vore det dominerande synet dei siste 150 åra. I artikkelen sin plasserer Welhaven Petter Dass sitt forfatterskap inn i den nasjonale skjønnlitteraturen vår for første gong, og her har han sidan vorte ståande.

Utover på 1800-talet blir altså *Nordlands Trompet* meir og meir oppfatta som eit skjønnlitterært verk, der det poetiske blir meir verdsett enn dei reine topografiske nytteopplysningane. Samtidig blir verket oppdaga av fleire lesarkrinsar, og i løpet av dei siste tiåra av 1800-talet får vi heilt nye presen-




ORDFORKLARINGER

Oktavar: Bokformat der arket er bretta tre gonger slik at det blir åtte blad, altså 16 sider.

Kvart: Bokformat der arket er bretta to gonger slik at det blir fire blad, som gir 8 sider.

Folio: Bokformat der trykkarket er bretta ein gong.

Sjirting: Fint tett bomullstøy.



PETTER DASS

Nordlands Trompet

ILLUSTRERT AV KARL ERIK HARR



J. M. STENERSENS FORLAG A.S.

tasjonar av diktverket. Dei små, enkle trykka frå 1700- og 1800-talet blir no avløyste av utgåver som er langt meir påkosta.

Det verkeleg store løftet for *Nordlands Trompet* kom med Aschehoug si utgjeving i 1892. For første gong kjem diktverket ut i eit større format, nemleg i kvart. På denne tida har forlagsbinda vorte meir vanlege på bokmarknaden. Aschehoug ønskjer å setje pris på diktverket ved å gi det ei innbinding i grøn sjirting med illustrasjonar og tittel prega i gull på fordekkelen. Aschehoug engasjerte kunstnaren Thorolf Holmboe til å illustrere boka, og det er heile 61 illustrasjonar i boka, frå små vignettar til heilsides bilete. Boka vart lansert som ei praktutgåve og vi ser av bokutstyret at *Nordlands Trompet* no har vorte gjort viktig. Den fysiske utforminga av boka signaliserer at dette er stor og viktig litteratur. Med utstyret sitt er ho ei vakker bok. Dette er ikkje lenger ei praktisk, billeg lita bok å ha i jakkelomma på veg nordover.

På 1900-talet slo den skjønnlitterære resepsjonen av *Nordlands Trompet* verkeleg rot, og dette fekk òg utslag i presentasjonskontekstar og i utgåvene sin materialitet. Dei kanskje mest storslåtte utgåvene av *Nordlands Trompet* gitt ut i nyare tid, er utgåvene frå forlaget J.M. Stenersen. Stenersen gav ut den første versjonen av *Nordlands Trompet* i 1989. Det mest slåande med desse utgåvene, er formatet i folio. Formatet signaliserer at dette er ei viktig bok, noko ein ønskjer å framheve, noko ein ønskjer å gjere stas på. Elles er utgåvene illustrerte heilt gjennom av kunstnaren Karl Erik Harr si tolking av Petter Dass som person og *Nordlands Trompet* som diktverk. Dette legg utan tvil føringar på lesaren, og Harr representerer ikkje noko nytt. Det er den same begeistringa som vi har sett i nærast alle utgåvene frå og med slutten av 1800-talet.

The Importance of Appearances

They say, “Don’t judge a book by its cover”. But the appearance of a book can have a huge effect on how it will be received, writes book historian Anne Eidsfeldt. She has done research into the appearances and reception of versions of the North Norwegian 17th Century poet Petter Dass’ *Nordlands Trompet*.

The reception of a text in a book is closely related to the way it looks. It is interesting to see how the format of a book will change over time in tandem with how the reception of it changes. To the National Library, as a research library and keeper of the nation’s memories, it is important to be able to document all aspects of Norwegian book production, both past and present, including the materiality of the book. It is therefore important to preserve a book’s original format as much as possible. Examples from the publishing history of Petter Dass’ *Nordlands Trompet*, illustrate this.

The book was first printed in 1739, more than 30 years after Dass’ death. Despite being a poetic work, it was primarily seen as a useful document in that it gave factual information about Nordland in the North of Norway. Therefore its referential value was stressed rather than its poetic merit. The book was probably

targeted primarily at a less affluent readership and had to be made as inexpensive as possible.

It seems that it was not until the poet J. S. Welhaven wrote an article about Dass in *Nordisk Universitets-Tidsskrift* in 1856 that *Nordlands Trompet* was finally appreciated as poetry. What interested Welhaven in the work was not the topographical information it offered, but its poetic qualities. So *Nordlands Trompet* was discovered by a new readership, and during the last decades of the 1800s we see it published in entirely new and expensive bindings.

Aschehoug’s publication in 1892 is bound in green cloth with illustrations and title in gold on the front cover. In addition the book is furnished with 61 illustrations. By the start of the 20th century the literary appreciation of *Nordlands Trompet* had really taken hold, and this continued to be reflected in the styles of various editions. The most magnificent editions of *Nordlands Trompet* published in modern times are the editions from the publisher J. M. Stenersen. The most striking aspect of these books is the folio format. The dimensions clearly signal that this is an important book; something one wishes to celebrate, to draw attention to.